

# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 5 - oktober 2010 42. årgang



## INNHOLD

Til ettertanke:	
Lys over grava	s. 2
Min salme	s. 3
Strålande Hausttakke-gudsteneste i Timekyrkja	s. 4
Kult på weekend	s. 6
Å vera med på	s. 8
Julemesser	s. 9
Open kyrkje	
Laurdag 6. november	s. 12
Sorga har mange andlet	s. 12
Kvite hender i ro	s. 16
Høstdag	s. 17
Døypte, vigde, døde	s. 19
Gudstenester	s. 20

foto: Liv Helene Øyre Håland

## Bryne - Time - Undheim sokn

### Kyrkjekontoret

tlf. 51 77 03 77

Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00-14:00

heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>

e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

telefaks tlf. 51 77 03 60

Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne

Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048

Sokneprest: Stein Ødegård tlf. 911 57 105

Prostiprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847

Kateket: Ingrid Time Nærland tlf. 51 48 40 69

Diakon: Ann Iren Tjelta Ravndal tlf. 958 955 85

Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 911 630 39

Sekretær Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 72

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 72

Sekretær Time sokneråd: tlf. 51 77 03 72

Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 72

Sekretær Undheim sokneråd: tlf. 480 273 04

Herdís Lindal tlf. 51 77 03 77

Sekretær: Kari W. Ødegaard tlf. 51 77 03 76

Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 76

Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland tlf. 909 423 04

Konsulent: Tor Aase tlf. 51 48 34 82

Prosjektleiar trusopplæring: tlf. 51 48 85 10

Jorunn M. Ueland

### Time

tlf. 51 48 32 84

Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178

Kyrkjetenar: Marit Undheim tlf. 51 48 43 09

Soknerådsleiar: Amund Undheim tlf. 51 48 43 09

Klokkar: Sofie Braut tlf. 51 48 32 84

Time kyrkjegard

### Bryne

tlf. 412 728 62

Kyrkjelydsprest: Leif Oscar Reiestad tlf. 996 191 21

Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth tlf. 51 48 66 68

Organist: Per Olav Egeland tlf. 938 316 23

Klokkar: Leif Andenes tlf. 51 77 03 68

Soknerådsleiar: Ruth Stabel Berg tlf. 51 48 32 84

Barne- og ungdomsarbeidar: Jorunn Pettersen tlf. 51 77 03 68

### Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>

Ungdomsprest: Ole Tørring tlf. 951 789 71

Leiar forsamlingsstyret: tlf. 404 01 214

Vegard Hanssen

### Undheim

tlf. 51 48 68 20

Prest: Per Børge Hillestad tlf. 934 429 19

Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 5148 45 55

Soknerådsleiar: tlf. 51 48 43 07

Kåre Sigurd Undheim tlf. 51 48 68 20

Undheim kapell

Besøk vår nettside:

[www.time-kyrkja.no](http://www.time-kyrkja.no)

e-post:

[helgedagen@time-kyrkja.no](mailto:helgedagen@time-kyrkja.no)

# Til ettertanke



Marit Høie Hetland

## Lys over grava

Nå har det blitt haust i været. Det blir fortare mørkt, og det kan kome hauststormar som gjev oss godt vêr til å vere inne i. Samstundes med hauststormane kjem Allehelgensdag. Tida rundt Allehelgen kan vere ei heilt spesiell tid, både på godt og vondt.

Mange av oss har opplevd å miste nokon som stod oss nær og som vi var glade i. Døden kan vera vond når han kjem brutal og uventa til oss. Vi kjenner på kor meiningslaust det er. For andre igjen kan døden kjennast som ein ven som dei har venta på etter ei stund med mykje smerte. Vi er forskjellige, og det skal vi få lov til å vere. Men ein ting vi oftast har til felles er saknet etter den vi var så glade i.

Allehelgensdag er ein dag då mange går til gravene. I denne mørke tida er det viktig å lyse opp rundt oss, og lys-tenning på gravene har blitt ein tradisjon også her i Noreg. Då kong Olav døde i 1991, var dette svært tydeleg. Vi kunne sjå det store lyshavet på Slottsbakken. Det er godt å tenne eit lys og få ta ei lita stille stund til å minnast den ein var så glad i. Og kanskje ein kan gje seg lov til å be ei bøn til Gud? Nokre gonger kan vi spørje kor Gud er. Det

**Marit Høie Hetland**

## Helgedagen

Utgitt av Time kyrklege fellesråd

Redaksjon: Else-Mari Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug Gunnar Frøyland og Gabriel Tengsareid. Layout: Gabriel Tengsareid og Jærprint.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrklege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen. Stoff kan sendast til

Kyrkjekontoret eller med e-post til [gabriel.tengsareid@lyse.net](mailto:gabriel.tengsareid@lyse.net) og må vera oss i hende innan 19. november. Neste nr. kjem ut ca. 8. desember.

Ver vennlig å senda stoff til Helgedagen innan fristen.

# Sein Salme



Liv Torunn Ødegård

### Det er makt i de foldede hender

*Det er makt i de foldede hender.*

*I seg selv er de svake og små.*

*Men mot allmaktens Gud du dem vender, Han har lovet at svar skal du få.*

### Omkved:

*Det er svar underveis, engler kommer med bud. Om det drøyer, det fram dog skal nå.*

*For det lovet jo løftenes trofasteste Gud. Kall på meg, og du hjelpen skal få.*

*Du som ber for ditt barn, dine kjære.*

*Er i forbønn fra år og til år.*

*Om du tålmodets lekse må lære,*

*Himlens bønnesvar engang du får.*

### Omkved

*Det er makt i de foldede hender, når i Frelserens navn du får be.*

*Og engang når du livsløpet ender, Hvert et bønnesvar klart skal du se.*

### Omkved

Tekst: Trygve Bjerkreim/ Melodi: Øivind Tønnesen



Livet går ikkje alltid på skinner for dei fleste av oss. Av og til kan me kjenna på avmakt og redsel i situasjonar me møter. Me veit ikkje kva me skal gjera, og det kan vera vanskeleg å sjå vegen vidare. Då er det godt at me har ein me kan venda oss til. Ein som alltid høyrer på oss. Me kan få dela alle tankar og alt me har på hjarta. Ingenting er for lite, og ingenting for stort for Gud. Han tek oss på alvor og høyrer på oss. Han har lova å svara oss, men ikkje kva tid han skal svara. Med vårt utåmod kan det vera ei utfordring. Kva planar og tankar tru Gud har med oss nå? Me vil så gjerne ha svar fort og ønskjer gjerne å "kikka Gud litt i korta".

Trygve Bjerkheim sin salme har eg sunge mange gonger. Denne salmen minner meg om at folda hender og bønn er ein viktig del av livet. Me har lov og rett til å bruka bønna i alle situasjonar. Og allmaktens Gud held løftet sitt om å gje oss svar. Svaret er alltid undervegs. Gud har teke hand om

Det er godt og trygt å kunne venda seg til ein Gud som har gitt meg løfte om svar viss eg kallar på han. Og han held løfta sine til meg. Så må eg trenna mitt tålmod og lytta og venta på svar. For svar har han lova oss, sjølv om me ikkje får sett svara i dette livet.

**Liv Torunn Ødegård**

**Gi til NMS – få skattefradrag!**

**Det Norske Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • [www.nms.no](http://www.nms.no)



# Strålende haustattakkegudsteneste i Time-kyrkja



Prosesjonen på veg inn



Ei flott blanding av Fotland barnehage, Fotland sundagsskule og Løvegjengen!



Flinke Bygdekvinner i pyntekomitéen! F.v.: Karen Sola, Brit Jorunn Oma og Aud Time. Randi Holen var ikke tilstades.



Forsangarar frå Løvegjengen - med pynt over alt



Velkommen



Også døypefonten var ekstra fin for tre dåpsborn



Kor vakkert ! !  
Eit under av farge, lukt smak og sunnhet



Mot kyrkjetorget

**Søndag 26. september vart me allereie utanfor kyrkja møtt av "markens grøde" i ulike utgåver, fint samansett av Time Bygdekinnelag. Dei har lang tradisjon med å pynta i kyrkja til haustattakkefest, visstnok frå sokneprest Bjelland si tid – tidleg på 1970-talet. Flott innsats dette året av fire flinke damer: Randi Holen, Brit Jorunn Oma, Karen Sola og Aud Time.**

Fotland barnehage, Fotland sundagsskule og Løvegjengen var også aktivt med i gudstenesta med song og drama. Fløytespel, solosong og flinke forsongarar frå Løvegjengen var med og gjorde gudstenesta ekstra fin denne september-søndagen.

Bygdekinnelaget støttar eit kvinneprosjekt i Kamerun, og i det landet har Rogalandsbønder lang tradisjon med jordbruksprosjekt. Alt i 1962 starta Bjørn Bue, i samarbeid med bonde- og bondekinnelaga i Rogaland, den såkalla Rogalandsgarden på Meng i Kamerun.

I dag blir hjelpe driven som bygdeutvikling, hjelp til sjølhjelp-prinsippet, retta mot Sambolabo-området. Utfordringane er store. Haustfestane i 4-H og haustattakkegudstenestene som bygdekinnelaga i Rogaland er med og arrangerer, får inn over 200 000 kr årleg.

Rogalandsjordbruket har sett seg som mål å samla inn 300 000 kr årleg i dei neste tre åra til Kamerun Små og store var med på å gjera denne søndagen til ei festgudsteneste!

Tekst og foto: LHH



Dåpslyset med kornaks

# Kult på weekend

**Friluftsliv, lek og moro kombinert med sosiale samlinger og undervisning, samlet 72 små og store Lyebuere til weekend den siste helgen i september.**



**SAMLING RUNDT GRILLEN:** Grillparty hører med når forsamlingshuset reiser på weekend. Fra venstre ser vi Morten Slettebø, Ursula Penny, Thorvald Sandsmark, Torill Sandsmark, Lillian Hørnevik, Vigdis Frøyland og Gunnar Frøyland.

Lunden leirsted i Sokndal var arena for denne familieweekenden til Lye forsamlingshus. Her forteller noen av deltagerne Helgedagen hvordan de opplevde helgen.

-Hvorfor var du med på weekenden til Lye forsamlingshus?

**FELLESSKAP:** -Vi er opptatt av at ungene våre får være med i det fellesskapet som en weekend er, sier Lillian Hørnevik. Tre av de fire barna, Øyvind (9), Ingvild (14) og Åshild (16) var med til leirstedet Lunden i Sokndal.

Og minstemann ville helst vært et døgn til, som bør være et godt tegn på at han likte seg, sier Lillian. Hun synes det var bra at opplegget var

avslappende og lite høytidelig med mange aktiviteter både for store og små. Ikke minst var det sosiale viktig, sier hun.

-Vi har vært med på weekend før, og synes det er fint at ungene våre får en positiv relasjon til det som skjer på forsamlingshuset, sier Torill Sandsmark. Hele familien var med, både Torill og Sæbjørn med ungene Silas (3), Hanna (9), Thorvald (11) og Rebekka (13). Og vi opplevde weekenden både som positiv og spennende, sier hun.

**FAMILIE:** -Forsamlingshuset er min familie, og da er det naturlig å være med på familieweekend, sier Anna Bergitte Skårlund. Etter en gudstjen-

## FAKTA OM WEEKENDEN

Antall deltagere: 72

Voksne: 28

Ungdom: 13

Barn: 31

### Arrangør:

Lye forsamlingsstyre.

### Tema:

TTT som står for Tilhørighet, Tro og Tjeneste.

### Sted:

Lunden leirsted i Sokndal.

Tid: Fredag 24. til søndag 26. september.

### Les mer på:

[www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no)



**LATTEREN SITTER LØST:** Lattermusklene fikk god mosjon hos presteketparet Vigdis og Gunnar Frøyland. Til venstre applauerer ungdomsprest Ole Tørring.

**Hovedformålet var rett og slett å ha det gøy sammen, bli bedre kjent og samles om troen.**

**Les mer på:**  
[www.lyeforsamlingshus.no](http://www.lyeforsamlingshus.no)

Foto: Sæbjørn Sandsmark

Weekenden ble faktisk bestemt av forrige styre for over et år siden. Hovedformålet var rett og slett å ha det gøy sammen, bli bedre kjent, og forsamlingsstyret følte et behov for å samle menigheten. Vi trenger å

se hverandre fra litt andre sider enn når vi møtes på gudstjenestene og ellers på Lye forsamlingshus.

- Styret ønsket å få med hele aldersspekteret, og ikke fokusere bare på barnefamilier, ungdom eller vok-

sne. Vi er én menighet og trenger samlinger der alle kan møtes for å bli bedre kjent med hverandre, sier Vegard Hanssen.

## Det er lov å bry seg!

Som telefonvakt hos Kirkens SOS kan du bidra til at andre får det bedre, samtidig som du får perspektiv på livet.



**Kirkens SOS trenger flere telefonvakter!**  
Vi søker kvinner og menn over 20 år som selv ikke er i en aktiv krise, har tid til å bry seg og lyst til å utvikle seg.

**Innføringskurs for frivillige telefonvakter starter onsdag 22. september 2010.**

Kurs: dag 10-13 eller kveld 19-22.  
Kontakt Kirkens SOS i Rogaland 51 88 45 15 / 971 70 995  
e-post: [rogaland@kirkens-sos.no](mailto:rogaland@kirkens-sos.no)

**Kirkens SOS**  
i Rogaland  
Vi er her. Alltid.



Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærø, Tel.: 51 43 32 22

**Sender på**  
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9

**Sendetider**

**Mandag:** 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00

**Tirsdag:** 08.30 - 09.00

**Onsdag:** 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00  
19.30 - 21.00

**Torsdag:** 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

**Fredag:** 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45

*Jesus Kristus  
er i går og i dag  
den samme, ja  
til evig tid.  
Hebr. 13,8.*





## Bønn i Bryne Kyrkje

Kvar onsdag kl. 11.00 -12.30

Bønnesamlinga er open for alle som har lyst å vera med i eit bønnefellesskap  
Velkommen også om du ikkje har høve til å koma kvar gong  
I våpenhuset er det ei kasse for bønneemne  
Desse vert tekne med på onsdagssamlingane  
For spørsmål ta kontakt med Torunn Mæland,  
tlf. 97519695



## AKTIVITETEN På SARON Hausten 2010

Frå 6. klasse  
Annankvar torsdag kl. 19.00 – 21.00

4. november, 18. november, 2. desember

**Modellfly bygging og simulator, bil og elektro byggesett.**

**Velkommen**

Misjonsambandet



## Velkommen til "Sundagstreff" i Bryne kyrkje

14. november

5. desember: Me får besøk frå kulturskulen.

**Kl. 18.00: Song, ringleik, kaffi og drøs i peisestova.**

**Kl. 19.00: Ein enkel gudsteneste i kyrkjesalen.**

Arrangementet er ope for alle og tilrettelagt for menneske med utviklingshemming.

Hjarteleg velkommen!



## Time Sjømanns- misjons forening

har basar 29. oktober  
kl. 19.00 i Bryne kyrkje

Krinsleiar Geir Myklebust  
Song av Frimenn. God matøkt  
Kvelds-trekning. Allsong  
Du er velkommen!



## Sundag 31. okt. kl. 15.30 Haustfest for alle over 60 i Bryne kyrkje

Andakt v/Jens Olav Mæland  
Musikkinnslag av Torvald Tjåland og medmusikantar  
Kjellaug Bakke les eigne dikt  
Det blir allsong, god mat, kaffi og tid til drøs  
Hjarteleg velkommen!

Arr: Bryne diakoniutval



Vi har alt innen tryksaker

**952 99 844**



## Julemesse i Bryne kyrkje

laurdag 27. november  
kl. 11.00

### Opning av salsmess

Andakt av Anne Sofie Haarr  
Kulturskuleelevar deltek  
Sal av småkaker, handarbeid,  
dekorasjonar, mm  
Kafé med risgraut, lapskaus og kaker  
Åresal

### kl. 18.00

#### Familiefest

Tale av Kjell Børge Tjemsland  
Kulturskuleelevar, Ungkyrkja og  
Jærklang deltek  
Opplegg for barna  
Mat servering  
Åresal og hovedtrekning

Inntekta går til barne- og ungdoms-  
arbeidet i Bryne kyrkje og misjons-  
prosjektet til Bryne kyrkjelyd,  
Den Norske Israelsmisjon

Det er muleg å levera aktuelle varer  
på kyrkjekontoret fram til fredag  
26. november eller i kyrkja fredag  
26. november kl 18.00 - 20.00  
På førehand takk

Julemessekomiteén



## Julemesse i Undheim kapell

laurdag 4. desember  
kl. 11.00

### Opning

Andakt av Kjell Børge Tjemsland  
Musikk av Saksofongruppa

### kl. 13.30

Familiemøte med åresal  
og hovedtrekning  
Andakt av Turid M. Rabenorolahy.

Song av Miniklang frå Undheim  
Sal av handarbeid, småkaker, lefser,  
grav- og dørpynt, m.m.

Me tek imot "brukte" stearinlys til  
gjenvinning

I kapellkjellaren sel me risgraut,  
kaker og kaffi

Åresal for juledekorasjonar, kaker og  
fruktkorger

Vel møtt til julemesse!

NMS foreningane i Time.



## Julemesse på Fotland Bedehus

Fredag 10. desember  
kl. 19.00

Hans Kr. Goa  
Riskakameratane

**Laurdag 11. desember  
kl. 13.30**

**Familiemøte**  
Hilde Malde  
Lye barnegospel

### kl. 16.00

Hans Kr. Goa  
Anne og Olene Årsland

### kl. 19.00

Hans Kr. Goa  
Vigrestad Musikklag  
Hovedtrekning

Varesalg, matsalg, utlodning

Velkommen.

Arr. NLM



## Møtekalender for Fotland Bedehus

### Oktober

30. Ungdomstreff

### November

5.-7. Bibeltimar

8. Bønnemøte

13. Ungdomstreff

19.-21. Møter Normisjon

22. Bønnemøte

27. Ungdomstreff

28. Adventstund NLM

30. Adventsfest NMS

### Desember

2. Avholdslaget julemøte

4. Ungdomstreff

6. Bønnemøte

10.-11. Julamessa NLM

18. Ungdomstreff

31. Nyttårsfest ungdomane


### Januar 2011

2. Julatrefest for søndagskulen og bedehuset kl 13.00

Korleis har du det...

## EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300  
SOS-Melding: [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)



## SAMLIVSKURS PÅ HOLMAVATN MED OVERNATTING

Laurdag 22. januar kl. 10.00 - Sundag 23. januar

### kl. 16.00

Vi inviterer både til "To på same kurs" (kurs 1), og til "Et annleis språkkurs" (kurs 2) for dei som allereie har tatt kurs 1.

### Kven er kura for?

For alle par same kor lenge dei har halde saman.

### Kva får en igjen for å vere med?

- styrka evne til å forstå
- styrka evne til å leve med at ein er ulike
- styrka evne til å snakke saman

Dette er kurs for alminnelege par med alminnelege utfordringar, og som ønskjer å styrke samlivet for å få det enda betre saman.

### GODE SAMLIV KAN ALLTID BLI BETRE!

#### "To på same kurs" har fire tema:

1. Å snakke saman er meir enn å snakke
2. Min heim - Din heim - Vår heim
3. Seksualiteten i ekteskapet
4. Respekten i samlivet

#### "Et annleis språkkurs" har fokus på:

Kjærleksspråk. Kurset gjer bevisst på eins eige og partnaren sitt kjærleksspråk for å leggje grunnlag for betre forståing for kvarandre i samlivet.

Kurset kostar kr 1500 pr par, og det inkluderer overnatting, kursmateriell og mat. Påmeldingsfrist er seinast 6. januar, men dei først påmeldte får plass dersom det blir fullt.

#### For påmelding eller meir informasjon,

ta kontakt med: Time kyrkjekontor, tlf: 51 77 03 77 eller email: [diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no)

## SAMTALEGRUPPER ETTER SAMLIVSBROT

**"SORGA DET IKKJE BLIR SENDT BLOMSTER TIL",**  
blir det ofte sagt om skilsmisse.

Etter eit samlivsbrot sit mange igjen med ei usynleg sorg. Då kan det vere godt og nyttig å kome saman med andre som er i, eller har opplevd same situasjonen.

Det finst tilbod om å delta i samtalegruppe etter eit samlivsbrot. Dette skal vere ein fristad kor ein kan setje ord på kjensler, dele erfaringar og vere til hjelp for kvarandre.

Jæren og Sandnes prosti samarbeider om gruppene, og dei blir dermed haldne ulike stader i distriktet.

Alle som trur det kan vere nyttig å delta i ei slik samtalegruppe er velkomne, uansett om brotet har skjedd relativt nyleg eller for lang tid sidan.


Gruppene vil ha leiarar som har erfaring i gruppeleiing, og kvar gruppe samlast 7-8 gongar.

Gruppene er opne for alle uansett kyrkle-tilknytning og livssyn.

Dersom du vil melde deg på, eller du vil vite meir om opplegget, kan du kontakte diakonen på Time Kyrkjekontor tlf. 51770377 eller email: [diakon@time-kyrkja.no](mailto:diakon@time-kyrkja.no)



## "Størst av alt" hausten 2010



**"Størst av alt"** - trusopplæring for alle døypte i regi av Den norske kyrkja.  
Denne hausten har vi følgjande tilbod:

**5. klassingar:** "Etter skuletid" - samlingar september - novemeber.  
I tillegg gler vi oss til "Lys våken":

Time/Undheim: 18. - 19. novemeber  
Bryne: 4. - 5. desember

#### 2-åringar: Undretur.

- Time kyrkje og Bryne kyrkje 20. november

#### 4-åringar: Barnebibel og adventsklubb

Novemeber - desember

Invitasjon blir sendt ut etter i medlemsregisteret til Den norske kyrkja. Ta kontakt med kyrkjekontoret om de ikkje får invitasjon!



## Open kyrkje Laurdag 6. november

**Velkommen til Allehelgensprogram i Time kyrkje**

**Kyrkja er open kl. 11.00-14.00**

**Program i kyrkjesalen kl. 12.00-13.00**

Dagen før Allehelgenssøndag er mange på kyrkjegården for å minnast sine nærmeste som har gått bort.. Derfor vert kyrkja open denne dagen. Alle som ønskjer det kan få sitja ned i ro og ettertanke. Vi tilgjengelege for samtale.

### Ord og tonar til håp og trøyst

Kl.12.00-13.00 vert det program med musikk, dikt og skriftlesing i kyrkerommet ved organist Per Olav Egeland og klokkar Leif Andenes

### Tenn eit lys

På Kyrkjetorget, dvs. tilbygget til kyrkja, vil vi ha varmestove med kaffi og noko attåt.

Ved eit bord kan du tenna lys til minne om den/dei du har mista. Vi legg også fram litteratur som kan vera til hjelp.

Diakonane og Time diakoniutval

# Sorg har mange andlet

## Når nokon me er glade i døyr, reagerer me ulikt

Inn i sorga har me med oss tankar om kva som søker seg. Når våre reaksjonar ikkje stemmer med det me forventar av oss sjølv, eller det me meiner å vita at andre forventar av oss, då vert det vanskeleg. Eg ynskjer at du som sørger skal tenka: Det er greitt at eg er meg og reagerar slik eg gjer.

For mange er det ikkje nok å høyra at me er elskar. Me treng å erfara det på fleire måtar enn gjennom ord og tanke. Me treng å kjenna det varlege kjærteiknet. Me treng å sjå eit ope og godt andlet. Me treng å bli møtt på våre behov. På same måte er sorga for mange større enn kva ord og tanke kan takla. Mange treng å sjå den døde. Mange treng å røra ved den døde. Mange treng sjå kista. Mange treng å vita kor den døde blir av. Dei fleste treng erfara gjennom mange sansar at den døde verkeleg er død. Det kan vera vondt der og då. Andre kan kjenna fred og ro. Det hjelper oss å forstå at det som ikkje skulle skje har skjedd.

Sorga er fysisk. Ikkje berre slik at me treng å erkjenna gjennom alle sansane. Sorga er også fysisk på den måten at me blir trøtte. Du orkar ikkje. Du har ikkje krefter. Det er vanleg at den som sørger ikkje maktar så mykje som elles.

Nokon vert sinte i møte med døden. Kvifor døydde du frå meg no, når eg treng deg her? Kvifor fekk me ikkje ordna opp oss i mellom? Kvifor viste du ikkje at du var glad i meg? Det er vanleg å kjenna på sinne mot den som er død.

Det er vanleg å vera sint på seg sjølv for noko ein gjorde eller ikkje gjorde.

Det er vanleg å vera sint på einkvan som kunne ha berga den døde, om berre så eller så hadde blitt gjort. Det er vanleg å vera sint fordi det er så urettferdig. Mange opplever at sinne er ein ulovleg følelse. Ikkje minst når grunnen til sinne er konflikt og gjerningar som var vonde, blir det vanskeleg. Sorga handlar ofte om å forsona seg med det som ikkje blei slik ein drøymde om. Då er det viktig å vera sann med kva ein føler.


Sorga er for mange tomrom. Den døde hadde eit rom i livet ditt som ingen andre kan fylla. Der han alltid var, der ho skapte liv og hygge, er det no berre tomrom. "Det verste er at når eg kjem heim og har mykje å fortelja, er han ikkje der for å høyra på meg", sa ei enke til meg. Der er ingen der for å dela det du før delte med den døde. Du er åleine. Dei er heldige som har mykje godt å minnast. Det er godt når ein kan seia: " Eg ville ikkje gått glipp av eit einaste eitt av desse gode minna, sjølv om eg hadde visst kor vondt det er å mista han eller ho."

Sjølv om sorga har mange andlet, vil den eine sørjande ofte kjenna att drag i ein annan sørjande sitt andlet. Mange erfarer at det er godt å snakka om korleis dei opplever sorga. Det er fint å prata med familie og venner. Kan hende kan du dele din erfaring med naboen eller kollegaen. Sorggrupper er eit tilbod til dei som vil snakka om si sorg med andre i same situasjon. Laurdag før Allehelgendsdags er det Open kyrkje i Time kyrkje frå kl.11.00- 14.00. Ta ein tur på grava til den du sørger over. Kom inn på kyrkjetorget og få deg kaffi og kake og ein prat om du vil. Klokka 12.00 vert det "Ord og tonar til trøyst" inne i kyrkja.

Sorg er eit arbeid. Det tar tid og krefter. Me må bruka tid og krefter i sorg. Når me arbeider med sorga er målet at me skal finna att ein tryggleik som set oss i stand til å gå vidare. Den som har mista vil alltid bera med seg tapet. Tida leger ikkje alle sår. Merka av sorga får me gå vidare. Enno ventar gode opplevelingar. Enno er du viktig for nokon.

"Dei døde skal høyra Guds Sons røyst, og dei som hører skal leva," seier Jesus i Johannesevangeliet. For meg er det trøyst i dette. Når eg ikkje lenger kan nå fram til den døde, skal Jesus tala til han. Når eg sjølv er åleine i døden, skal han tala til meg. Stå opp, skal han seia. Den døde skal reisa seg og sjå Jesus. Jesus som gav livet sitt for at kvar den som trur på han ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Gunnar Frøyland




### Da åpner du mot morgen'en

Å Jesus Krist, når alle bluss er slukket  
som skinte lysende langs livets vei,  
når dagens aller siste dør er lukket,  
da åpner du mot morgen'en for meg.

Når alle andre kjente, kjære røster  
blir borte for meg i den stille gru,  
når intet rekker meg fra ord som trøster,  
da skal jeg høre at så taler du.

Når ikke lenger andres varme tanker  
når frem og demper angsten i mitt sinn,  
når hjertet mot den siste uro banker,  
da skal du favne meg med freden din.

Liv Nordhaug

 <p><b>Et sted for frihet og forandring</b> Et samarbeid mellom Bethania-stiftelsen, Diakonova og Normisjon <b>TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?</b> Samtaler kan avtales på tlf.: 467 46 670 eller mail: <a href="mailto:fermanterogaland@emmaus.no">fermanterogaland@emmaus.no</a> <b>Besøksadresse:</b> Hoveveien 38, Sandnes <a href="http://www.fermanterogaland.no">www.fermanterogaland.no</a></p>	 <p>Hus for norske forhold</p>
---	---

 <p><b>VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS</b> <b>eK Glassmesterforretning</b> Einar Knutsen as Postboks 149, 4349 Bryne <b>TLF. 51 48 02 11.</b> <b>DØGNSERVICE 971 78 180</b></p>	 <p><b>Bohus</b> Håland Industriområde 4340 Bryne Tlf.: 51 77 84 40 • <a href="mailto:jaren@bohus.no">jaren@bohus.no</a> Åpningstider Hverdager: 10-19 Lørdag: 10-15</p>
--	---

 <p><b>MØBELRINGEN</b> I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20</p>	 <p><b>STEIN &amp; HAGESERVICE</b> BELEGGNINGSTEIN   NATURSTEINALV   SKIFER   GRAVING   PLANTING   BESLAKRING Håland, 4340 Bryne tlf. 4000 7889</p>
---	---

 <p><b>HELLVIK HUS</b> Bygg med glede! <a href="http://www.hellvikhus.no">www.hellvikhus.no</a></p>	 <p><b>TEAM BYGG</b></p>
---	---

 <p><b>EL-TEAM</b> Elektroentrepreneur Morenafaret 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: <a href="mailto:dr@el-team.net">dr@el-team.net</a>, Internett: <a href="http://www.el-team.net">www.el-team.net</a></p>	 <p>Alt i bøker, musikk, rekvisita, kort og hobby i Storgata 26</p>	 <p><b>BAKERS</b></p>
---	--	--

 <p><b>coop obs!</b> HYPERMARKED <b>Tlf. 51 77 86 00</b></p>	 <p><b>JÆREN HOTELL</b></p>	 <p>Noen blader holder deg oppe ... Tilbud på Misjonstidende: Første året kun kr 190,- (Full pris kr 380,-) Send navn og adresse til: 40 40 60 26</p>
--	--	--

 <p>Gratis befaring? SMS med AC til 1963</p> <p><b>Varmepumpe fra ACsenteret - en god investering fra en trygg leverandør</b></p> <p><b>ACsenteret</b> Breimyra 14 Bryne/Håland 51 77 78 70 <a href="http://www.acsenteret.no">www.acsenteret.no</a></p>	 <p>Murmester Heskje AS Hålandsveien 24, P.b. 270 4340 BRYNE Tlf 51 77 19 80 Fax 51 77 19 81</p>	 <p><b>Bryne Rør AS</b></p> <p>Skulegata 9 • 4340 Bryne</p>
---	---	--

 <p>Innendørs persiener Utvendige persiener Lamellgardin Rullegardin Plisségardin Screenduk Markiser Terrassemarkiser Gratis måltaking!</p> <p><b>Jærsol as</b> Bjørkeveien 6 4340 Bryne. Tlf. 473 59 935 E-post: <a href="mailto:per.hareland@lyse.net">per.hareland@lyse.net</a></p>	<p><b>Selge bolig på Jæren?</b></p> <p>Ring tlf. <b>51 77 80 00</b> <a href="http://www.terra.no">www.terra.no</a></p>	 <p><b>Johansen Elektriske as</b> Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01</p>
---	--	---

 <p><b>Håland Kjøtt</b> KVALITET OG KUNNSKAP</p> <p><b>Kleppe</b> Tlf: 51 78 69 50 <b>Bryne</b> Tlf: 51 48 16 33 <b>Sandnes</b> Tlf: 51 67 30 50</p>
---

 <p><b>Lauritz Aarsland</b> Tannlege Tlf. 51 48 28 93</p>	 <p><b>Koinonia</b> KOINONIA BOK OG MUSIKK Motehuset Bryne Torg Storgata 10-12 – 4340 BRYNE Tlf. 51486520</p>
---	---

 <p><b>Bryne Begravelsesbyrå</b> <b>DØGNVAKT 51972900</b></p> <p>Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd <a href="http://www.brynebegravelsesbyraa.no">www.brynebegravelsesbyraa.no</a> Reeveien 34, 4340 Bryne Døgnvakt</p>	 <p><b>KROGEDAL</b> begravelsesbyrå <b>DØGNVAKT 51972900</b></p> <p>Vi ønsker å bidra til en verdig gravferd <a href="http://www.brynebegravelsesbyraa.no">www.brynebegravelsesbyraa.no</a> Reeveien 34, 4340 Bryne Døgnvakt</p>	 <p><b>[tsjili]</b> Få Norges største misjonsblad gratis i postkassen. Send e-post til <a href="mailto:tsjili@misjonsalliansen.no">tsjili@misjonsalliansen.no</a> eller ring 22 94 26 00.</p>
--	---	--

 <p><b>Misjonsblad for Israel</b> Fra Haifa til Hellvik</p>	<p><b>Vil du gi en gave til Normisjon?</b></p> <p><b>Kontonr: 1503.02.13537</b></p> <p>Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.</p>	 <p><b>BLI FADDER!</b> <a href="http://www.misjonsalliansen.no">www.misjonsalliansen.no</a> © 22 94 26 00 misjonsalliansen</p>
--	--	---



# Kvite hender i ro

*Kvite hender i ro* er henta frå Alfred Hauge si bok **FOTSPOR gjennom årstider** som kom i 1969. Boka er ei samling småstykke han har hatt på trykk i Stavanger Aftenblad, 52 i alt. "Eitt stykke for kvar veke. Eit slumpehøve som høvde godt. For stykka fylgjer nett årsens gang," skriv han i føreordet.

Vidare fortel han at i ei avis må det arbeidast fort. Bakgrunnen for desse tekstane er at forfattaren/journalisten får ein teikning eller eit fotografi framfor seg. "Du får eitt minutt eller nokre få til å sjå -- og deretter fem minutt eller ti eller i beste fall ein halvtime til å skriva dei inntrykk og assosiasjonsglimt som melde seg."

I følgjande tekst kan du lesa Alfred Hauge sine refleksjonar når **seinhausten syng sin salme**.

emb

Den fyrste rinnatta har teikna livsens og dødens mønster inn i desse blada.

Årer og nerver teiknar inn livsmønsteret, dei syner kvar planten hadde sine kjelder: i stamme og i rot, i dei safter og dei krefter som er av jord og mold.

Men jord og mold hadde ikkje ått desse krefteiene dersom ikkje himmelen var over dei, med sol og regn og luft. Difor peikar òg årenettet som eit strålemønster utover mot dei kjeldene som er ovanfrå. Stråler frå jord møtest med stråler frå himmelen, ei lita sol lyser den store sol i møte.



Dette skjer ved den ytterste grensa, der livet og døden finn kvarandre som hand sokjer hand. I desse blada teiknar seg bleike minne av sommarfuglvenger og bier i flukt, av alt

dette som fanst der og var der gjennom den fyrste utfalding av knopp og blom, og gjennom ein sommar og haust der frukter skaptest og gjekk mot si mogning.

Trøytte og kvite hender har lagt seg til ro på teppet når siste dagsverk er gjort og det siste andepust er stilna. Der kviler dei mot ein rimkvit vintermorgon som ingen annan lovnad ber i seg enn at ei låg sol etter skal stiga på den andre sida jul, at nye knoppar skal bresta ved påsketider.

Naturen falda kvite hender mot den siste ro, seinhausten syng sin salme.

Alfred Hauge



Lørdag den 9.11 var en fantastisk dag. Da ettermiddagen kom måtte jeg bare ut å opp leve naturen.

Jeg kjørte mot Fotland og fossen, var nede ved kraftstasjonen og tok bilder ned over elven.

Oppå ved Fotland bedehus så jeg et tre stå alene mot elven, som om solen hadde vært kun der.

Jeg fant en sti i skogen mot en bro jeg aldri hadde lagt merke til før, fant en gammel grunnstein som det sto 1899 på. Broen var vakker og flott laget, håndverk for generasjoner. Er det bare jeg som aldri har sett denne før..?

Der var en ro og en opplevelse av fred denne dagen, en fred som vi mennesker trenger, men som vi av og til glemmer å ta til oss i vår daglige "tidsklemme".

Vi trenger alle slike dager.

Liv Ragnhild Lassen

## Høst

Et fargerikt teppe  
kler skogen til fest  
En vinter i vente  
der høsten er best  
En tornado av farger  
gir sjelen min ro  
for her vil jeg bygge  
Ja, her skal jeg bo

Marit Irene Jensen





## NMS Gjenbruk på Bryne

Saronsbrotet 3, 4340 Bryne  
Tlf. 951 06 028

### Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 17  
lørdag kl. 11 - 15

**Vi utvida med 2. etasje 31. august  
- større utvalg**

*Velkommen med varer av mange slag  
- eller til ein god handel!*

**Fleire og fleire kjem til Gjenbruks-  
butikken i Saronsbrotet**



Vi gir folk grunn til å tro på framtiden

## Fretex Butikksalg

Meierigata 17, 4340 Bryne  
**Tlf. 51 48 56 50 - www.fretex.no**

### Opningstider:

mandag/fredag kl. 10 - 18 lørdag kl. 10 - 15

## Vegen tilbake til Gud

"For så elskar Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!. Joh. 3,16

**Bøn:** Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen.



### DØYPTE

#### BRYNE KIRKJE

**25.07.10:** Sander Dahl-Pedersen, Are Undheim, Mari Etagegne Bryne, Ida Marie Steffensen

**22.08.10:** Magnus Ciekals Njærheim, Stig Hodne Tveit, Vegard Bjørnsen

**12.09.10:** Magnus Håland Aavik, Eirik Orstad, Live Hausberg, Niklas Tveit Andreassen

**19.09.10:** Olav Oma Rugland, Elias Salte, Øystein Austnaberg Høykvam, Emma Aure Alsvik



### VIGDE

#### 31.07.10:

Iris-Adele Berg Jess og Rune Andersen

**07.08.10:** Bjørg Marie Holen og Paul Oscar Thiam Bjørneskaret, Anett Vikran og Erik Michael Holen, Anne Mari Tjåland og Gaute Tengesdal

#### 21.08.10:

Elisabeth Sikveland og Helge Norås, Inger Camilla Pedersen og Kjell Øyvind Fiskebekk, Anne Ohma og Audun Time, Magni Hove og Joakim Ytreeide, Edel Sandberg og Christian Stabel

**28.08.10:** Grete Herikstad og Patrick Willem Margaretha Gerritsen

**11.09.10:** Renata Monika Orvedal og Geir Nielsen, Ragnhild Herigstad og Øystein Aase, Ingunn Skeie Larsen og Morten Skeie Larsen

**18.09.10:** Heidi Nesse og Einar Haugsland

**25.09.10:** Mari Lindeland Braut og Knut Eugen Svendsen



### DØDE

Reider Heigre, Åsa Margreta Sikveland, Hans Anton Pedersen, Arne Lothar Horpestad, Siv Karin Storvik, Signy Egeland, Anders Bjørnevold Mossige, Abraham Hognestad, Tora Cecilie Jonsbråten, Ellinor Lye, Egil Stangeland, Olav Bern Farstad, Gustav Ravn Hagen, Jan Stangeland, Arne L. Ueland, Ole Agnar Mykelbust Sjo, Kjell Døhl, Sven Fosse, Kari Nærland Undheim, Ruth Øksnevad Johnson



## Gjevarteneste

Barne- og ungdomsarbeid i Bryne,  
kto.nr. 3325.25.07057

"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time  
kto.nr. 3325.21.30859

Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste  
ungdomsarbeidar, Undheim  
kto.nr. 3325.21.55657

Undheim kapell - gåver  
kto.nr. 3325 25 08959

Frøyland-Orstad kyrkjelyd,  
kto.nr. 3290.60.44179

Kyrkjebrygg Frøyland-Orstad  
kto.nr.3325.25.09270

Ungdomsarbeidar på Lye  
kto.nr. 3325.25.04260

Stikk innom vår heimeside  
<http://www.time-kyrkja.no>

### LYE FORSAMLINGSHUS

#### 19.09.10:

Rebekka Idland

### UNDHEIM KAPELL

**22.08.10:** Robin Gya-Vetrhus, Floortje Gerritsen, Tomas Mellemstrand Rabenorolahy

**19.09.10:** Ola Tunheim Mauland



Velkommen til  
**gudstenesteneste**

## **Skyss til gudstenesta**

### **BRYNE KYRKJE:**

Sverre Lima  
51 48 21 33

Jonas Frøyland  
41 30 04 68

Gabriel Tengsareid  
51 48 28 98

før kl. 10.00

**TIME KYRKJE**  
Frode G. Fotland  
51 48 71 11  
90 74 84 03

Dortea Haugland  
51 48 70 04

Før kl. 09.30



### **Sundag 31. oktober**

Bryne kyrkje kl. 11.00

Lye forsamlingshus kl. 10.30  
Undheim kapell kl. 10.30

### **Luk 13, 23 - 30**

Skriftemålsgudsteneste. Bønevandring  
Jungelgjeng

Gudsteneste Nattverd  
Gudsteneste Nattverd

### **Sundag 7. november Alle Helgensdag Matt 5, 13 - 16**

Bryne kyrkje kl. 11.00

Time kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste. Nattverd  
Jungelgjeng

Gudsteneste. Nattverd  
Løvegjeng

### **Sundag 14. november**

Bryne kyrkje kl. 11.00

Bryne kyrkje kl. 18.00

Lye forsamlingshus kl. 10.30

Undheim kapell kl. 10.30

### **Joh 6, 37 - 40**

Familiegudsteneste. Dåp  
Utdeling av 4 års bok

Sundagstreff. Tilrettelagt for menneske  
med utviklingshemming

Familiegudsteneste. Dåp  
Utdeling av 4 års bok

Lovsongsgudsteneste. Ekko deltek

### **Sundag 21. november**

Bryne kyrkje kl. 19.00

Rosseland skule kl. 11.00

Time kyrkje kl. 11.00

### **Hebr. 3, 12 - 14**

Kveldsgudsteneste. Nattverd

Gudsteneste. Sundagsskule

Familiegudsteneste. Dåp.

Lys vaken – 5. klasse



### **Sundag 28. november 1. sundag i advent Matt 21,1 - 9**

Bryne kyrkje kl. 18.00

Lysmesse. Familiegudsteneste

Lye forsamlingshus kl. 10.30

Gudsteneste. Nattverd

Undheim kapell kl. 10.30

Familiegudsteneste. Dåp

Lys vaken – 5. klasse. Utdeling av 4 års bok

### **Sundag 5. desember**

Bryne kyrkje kl. 11.00

### **Luk 21, 25 - 33**

Familiegudsteneste. Dåp. Lys vaken – 5. klasse

Bryne kyrkje kl. 18.00

Sundagstreff. Tilrettelagt for menneske

med utviklingshemming

Time kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Dåp. Vestly skule deltek.

### **Sundag 12. desember**

Bryne kyrkje kl. 11.00

### **Jes. 35, 3 - 10**

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng

Lye forsamlingshus kl. 10.30

Gudsteneste. Dåp

Undheim kapell kl. 10.30

Gudsteneste. Dåp

